

## Sak- og registreringsregler - Egedomsobjekt i arkivdel SAK

Nokre egedomsobjekt vert ikkje journalført i arkivdelane GBNR, PLAN OG OPPMÅL. Dette kan til dømes vera «Eigenerklæring om konsesjonsfritak», som skal førast i samesak for kvart år, eller enkeltsaker som til dømes «Søknad om utsleppsløyve» der kvart GBNR har ei eiga sak.

For at egedomsobjekt skal vera søktbart skal det nyttast same skriveregler på alle sakar som omhandlar egedomsobjekt der det er kjent GBNR.

### Per i dag omhandlar dette fleire sakstyper:

- Konsesjonsfritak (*samesak*)
- Matrikkelføring (*samesak*)
- Eldstad og skorstein – Installasjon og kontroll (*samesak*)
- Destruksjon/sanering av oljetankar (*samesak*)
- Nabovarsel (*samesak*)
- Avkøyrsløve – Endra eller utvida bruk - Dispensasjon frå byggegrense langs kommunal veg (*samesak*)
- Graveløyve/arbeidsvarsling (*samesak*)
- Produksjonstilskot og avløyvarsartilskot (*enkeltsak*)
- Gjødseplan (*enkeltsak*)
- Konsesjon (*enkeltsak*)
- Landbruksveg (*enkeltsak*)
- Miljøsak generell (*enkeltsak*)
- Nydyrking (*enkeltsak*)
- Deling etter jordlova/Omdisponering etter jordlova (*enkeltsak*)
- Tilskot til tiltak i beiteområde (*samesak*)
- Drenering av jordbruksjord (*samesak*)
- Regionalt miljøtilskot – RMP (*enkeltsak*)
- Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – SMIL (*enkeltsak*)
- Tilskot til avløyvarsing ved sjukdom (*enkeltsak*)
- Fellingsløyve og fellingsrapport (*samesak*)
- Fallvilt – Skada og avliva smådyr (otar o.l.). (*samesak*)
- Generelle førespurnader landbruk (*samesak*)
- Utsleppsløyve (*enkeltsak*)
- Forureining/forsøpling (*enkeltsak*)

## Skrivereglar

For samlesaker knytt til eigedomsobjekt skal ein nytte følgjande standardiserte skrivereglar;

Arkivsak:

Arkivsaka skal ha ei generell overskrift, som beskriv innhald og omfang (år)

Døme:           Tittellinje 1: Konesjonsfritak 2026  
                  Tittellinje 2: Samlesak 1.kvartal

Journalpost:

Tittel på journalpost skal følgje same skrivereglar som andre journalposter knytt til eigedomsobjekt, ved at ein alltid skal ha med gards- og bruksnummer og innhald i journalposten. Då ein ikkje vil kunne sjå stadnamn i sakstittel på samlesaker, vert dette lagt på journalpost i staden.

Døme:           GBNR 35/362 – Eigenerklæring om konsesjonsfritak – Straume

For enkeltsaker går oppsett fram av malsaken. Tittel på journalpost skal følgje skrivereglar for eigedomsobjekt.

## Gards- og bruksnummer

Gards- og bruksnummer består ofte av meir enn berre eitt enkelt gards- og bruksnummer, og det er difor viktig at dette vert skriven på ei standardisert måte.

Eks:

Utan festenr og seksjonsnr:	GBNR 35/76 – Tiltakstype – Gardsnamn
Med festenr og seksjonsnr:	GBNR 35/76/1/2 – Tiltakstype – Gardsnamn
Med seksjonsnr, utan festenr:	GBNR 35/76/0/2 – Tiltakstype – Gardsnamn
Med festenr, utan seksjonsnr:	GBNR 35/76/1 – Tiltakstype – Gardsnamn
Fleire bnr, ikkje samanhengande:	GBNR 35/76, 102 og 888 – Tiltakstype – Gardsnamn
Fleire bnr, samanhengande:	GBNR 35/76-80 – Tiltakstype - Gardsnamn
Fleire gnr og bnr:	GBNR 35/76 og 43/757 – Tiltakstype – Gardsnamn/ Gardsnamn